

## Finn, analyser og bruk resultata frå læringsstøttande prøver

Resultata blir tilgjengelege i PAS – prøver rett etter gjennomføring.

---

ARTIKKEL | SIST ENDRET: 20.08.2018

---

### Om resultata

#### Resultatvisinga i PAS - prøver

**Film:** [Sjå korleis du startar ei prøve og brukar resultatvisinga i PAS - prøver \(Vimeo\)](#)

I PAS – prøver under menyvalet «Resultater og skåring» finn du resultata frå prøva rett etter gjennomføring. For prøver med opne oppgåver, må læraren vurdere og skåre dei opne oppgåvene i skåringsverktøyet, før resultata blir synlege. Du kjem til skåringsverktøyet frå resultatsida.

#### Følgande prøver har opne oppgåver

- Læringsstøttande prøve i lesing Vg1 2016
- Læringsstøttande prøve i lesing Vg1 2017
- Læringsstøttande prøve i lesing Vg1 2018

Resultatvisinga er delt inn i ei gruppevising (gruppe), elevvising (elev) og oppgåvevising (oppgåve). I gruppevisinga får du ei oversikt over resultata til heile gruppa di. Resultata er gitt som ein poengsum og eit meistringnivå. I elevvisinga får du sjå nærare på svaret til ein elev. Oppgåvevisinga gir deg informasjon om alle oppgåvene og korleis resultata til gruppa di er samanlikna med eit nasjonalt resultat.

#### Følg opp resultata

I PAS – prøver under «Veiledninger og dokumenter» finn du lærarrettleingar med utdjupande informasjon om kva prøvene måler, og tips til korleis dere kan arbeide i dei ulike faga for å følge opp resultata.

Informasjonen frå prøva skal medverke til å auke kompetansen til eleven. Husk at grunnleggande ferdigheiter er integrert som ein del av kompetansen i alle fag og nødvendige reiskapar for læing og utvikling. Prøvene er ikkje prøver i eitt enkelt fag.

Resultata er ein del av undervegsvurderinga og kan brukast til å gi elevane tilbakemeldingar og framovermeldingar undervegs i opplæringsløpet. Dei kan óg danne grunnlag for tilpassa opplæring saman med annan informasjon om læringa til eleven.

Å bruke resultat frå prøver som grunnlag for å hjelpe elevane vidare i eget læringsløp, er ein del av det vi kallar vurdering for læring. På [udir.no/vfl](http://udir.no/vfl) finn du eksempel og nyttige filmar som du kan bruke i vurderingsarbeidet.